Aukra kommune [Sjå nyheitsbrev i nettlesaren]

# Nyheitsbrev frå Aukra kommune



## Digital kafé

Ønskjer du å lære meir om korleis du bruker smarttelefon, nettbrett eller eller korleis du navigerer på internett? Aukra pensjonistlag og Aukra kommune inviterer alle som ønskjer det til digital kafé ved Aukra kulturhus kvar tysdag mellom 11. oktober og 13. desember.

Les meir om digital kafé

## Vil du vere bøsseberar for TV-aksjonen?

På søndag 23. oktober går årets TV-aksjons av stabelen. I år skal pengane som vert samla inn, gå til Leger Uten Grenser. I




Aukra treng vi fleire bøsseberarar: 25 på Gossen og ein på Julsundet.

Les meir og meld deg som bøsseberar



**Koronavaksine 4. dose** I veke 39 startar Aukra kommune med oppfriskningsdose (4. dose) for risikogrupper i aldersgruppen 18-64 år.

Les meir og bestill time



**Oppdatering om busetting av flyktningar** Hittil i år er 92 flyktningar busett. Les om kva statusen er no og kva vi treng av bustader/utstyr.

Les meir om busettinga



**Kva skjer på Aukra kulturhus?** Kulturavdelinga legg ut info om kva som skjer på kulturhuset si Facebookside.

Gå til kulturhuset si Facebookside




## Aukra kommune på sosiale medium

Du finn oss på Facebook, Instagram og LinkedIn. Her deler vi alt frå arrangement, ledige stillingar til aktueltsaker frå heimesida med meir. Du kan òg følgje med på kommunestyremøta via Facebook.

Facebook

Instagram

LinkedIn

**Helsing frå kommunedirektøren**
2022 er «Frivillighetens år». I Aukra vert det gjort mykje frivillig arbeid. Tusen takk for innsatsen!
Frivilligheit kan vere så mangt. Det kan vere å gjere noko for andre, for



samfunnet, for nærmiljøet, for miljøet og mykje anna. Etter pandemien seies det at det er litt vanskeleg å få fart på det frivillige arbeidet igjen. Den flotte gjengen som vart med i den nye venneforeininga til kulturhuset var i alle fall ikkje blant dem! Aukra kommune har ein aktiv frivilligsentral, som støtter opp under det frivillige arbeidet. Frivilligheit Norge hevdar at 58% av befolkninga har vore med på frivillig arbeid det siste året. Det er flott, men om du er blant dei 42% som ikkje har vore med det siste året så vil eg oppfordre deg til å bli med. Det er både sosialt og givande. Å gjere noko for andre gjer også noko med deg!




**Ønskjer du å jobbe i Aukra kommune?** Vi legg ut våre ledige stillingar på heimesida vår, der du kan søkje på stillingane. Du kan også registrere din profil for å få varsel om stillingar som er aktuell for deg.

Ledige stillingar



**Treng du å snakke med ein tilsett eller ei avdeling?** Du finn kontaktinformasjon på heimesida under "Finn ein tilsett". Under fritekstsøket kan du søkje etter både namn eller avdeling. Under "Kategori" kan du filtrere etter einingar.

Finn ein tilsett eller avdeling




## Våre publiserte nyheitsbrev

Du finn våre tidlegare nyheistbrev på Aukra kommune si heimeside.

Tidlegare nyheitsbrev

# Kva skjer i kommunen?

| | |
|---|---|
| **9. oktober** | **Kino** Det blir film kl. 17.00 og kl. 20.00. Du kan lese meir om filmane på bygdekinoen si heimeside. |
| **11. oktober** | **Digital kafé** Kvar tysdag mellom 11. oktober og 13. desember. |
| **20. oktober** | **Møte i Aukra kommunestyre** Du kan følgje møtet via KommuneTV. |
| **23. oktober** | **TV-aksjonen** Bøsseberarane vil gå i kommunen mellom kl. 15 og kl. 18. |

## Skriv til oss

**AUKRA KOMMUNE**

Nyjordvegen 12
6480 AUKRA

Epost
E-dialog
Kontaktskjema

## Snakk med oss

**SENTRALBORDET**

Mån - fre: 09.00 - 14.30
Telefon: 71 17 15 00

Finn ein tilsett
Personvern og informasjonskapslar

## Besøk oss

**KOMMUNEHUSET**

Mån - fre: 10.00 - 14.00

Nyjordvegen 12
6480 AUKRA

Vis i kart

Meld deg av nyheitsbrevet